

Fagarbeidar

Årås skule, Austrheim
kommune

Søk på stillinga 

Ved Årås skule har vi no ledig ei 60 % fast stilling som fagarbeidar.

Årås skule er ein kombinert barne- og ungdomsskule med 267 elevar og 40 tilsette. Skulen er organisert i team - eitt for kvart hovudsteg. Vi har fokus på eit godt klassemiljø som føresetnad for eit godt læringsmiljø, og oppfølging av elevane si læring og utvikling.

Årås skule er ein PALS-skule. PALS står for: Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling. Det vil seie at vi arbeider med systematiske tiltak som rettar positiv merksemd mot alle skulen sine elevar. Vi har eit eige PALS-team på Årås skule. Nytilsette Fagarbeidarar/assistentar får kurs i PALS. Frå hausten 2023 er Årås skule ein MOT-skule.

 Søknadsfrist:	26.06.2023	 Stillingar:	1
 Arbeidsgivar:	Austrheim kommune	 Heiltid / Deltid:	Deltid
 Stillingstittel:	Fagarbeidar	 Tilsetjingsfor...:	Fast
		 % Stillingsprose...:	60
 Webcruiter-ID:	4676365761		
 Startdato:	01.08.2023		
 Sosial deling :	   		

Arbeidsoppgåver

Oppfølging av elevar individuelt og i gruppe i tett samarbeid med lærarane.

Kvalifikasjonar

Vi søker i utgangspunktet etter arbeidstakarar som har fagbrev i barne-og ungdomsarbeidarfaget, Overordna for denne stillinga er at vi søker etter ein person som har kompetanse/erfaring/likar å tilrettelegge for fysisk aktivitet og praktisk arbeid for elevane. Derfor er søkerarar med anna bakgrunn som er relevant for stillinga er også av interesse.

Personlege eigenskapar

Vi søker fagarbeidar som:

Er sjølvstendig

Aktivt samarbeider med sine kollegaer Tek initiativ

Er med på å utvikle skulen sitt positive arbeidsmiljø Har gode kommunikasjonsevner

Har godkjent politiattest i samsvar med Opplæringslova. Politiattest må leverast før tiltreding Austrheim kommune har nynorsk som målform.

Vi tilbyr

Løn- og tilsetjingsvilkår i samsvar med lov- og avtaleverk Engasjerte og dyktige kollegaer
Eit positivt læringsmiljø med fokus på utvikling

Årås Skule, Furulyvegen 34, 5943 Austrheim,
Norge



[Opne vegbeskriving](#)

Kontaktinformasjon



Bodil Boie Brekkan

Rektor

☎ 41667755

✉ bodil.boie.brekkan@austrheim.kommune.no

Austrheim kommune (ca. 3000 innb.) Tett på Bergen og industrieventyret på Mongstad, er utgangspunktet for utvikling av framtidskommunen til stades. Naturen og kulturen i det særprega kystsamfunnet er kanskje det viktigaste grunnlaget for gode liv i Austrheim - både om du flyttar hit for ein spennande jobb, eller om du ynskjer å vere med å skape livskvalitet for dei som allereie bur her. Austrheim inviterer deg til opne landskap - med eit ope sinn!

